



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

ØYSTESE UNGDOMSSKULE



27. – 30. OKTOBER 2003



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse", og innstilling av 15. juni 2003.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular per år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeide vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Øystese ungdomsskule er ein rein ungdomsskule med to parallelar på kvart steg. Skulen har 24 tilsette og 132 elevar.

Etter søknad til Utdannings- og forskingsdepartementet har Øystese ungdomsskule fått godkjent forsøk med alternativ arbeidstidsmodell for dei tilsette. Målsetjinga har vore at dette skal gje meir tid til personleg kontakt elev/lærar, auka handlingsrom for fleksible lærings situasjonar og høve til fagleg fordjuping for elevane. Lærarteama skal få auka medverknad over eigen kvardag, betre fysiske rammer og fleksibel tid til målretta etterutdanning. Eitt anna viktig tiltak har vore nya og utvida samarbeidsformer med dei føresette.

Forsøket med alternativ arbeidstidsmodell har gått føre seg i 2-3 år, og omfattar no heile skulen. I 2002 var det gjennomført ei undersøking blant lærarane. Resultatet synte at dei tilsette stort sett var positive til modellen.

I Øystese ungdomsskule sin verksemdsplan for 2003/04 er det overordna målet at " I samarbeid med alle partar i skulesamfunnet vil vi arbeide for eit aktivt, stimulerande og trygt læringsmiljø, der omsorg og trivsel skal vera grunnleggjande element".

Skulen har fire hovudmål:

- 1 - omorganisering av skuledagen,
- 2 - utvikla eit læringsmiljø fritt for mobbing,
- 3 – auka vektlegging av fysisk aktivitet,
- 4 - matematikk som pedagogisk satsingsområde

3 VURDERINGSTEMA

Øystese ungdomsskule har bede om vurdering på følgjande tema :

"Har Øystese ungdomsskule oppnådd pedagogisk gevinst på den nye arbeidstidsordninga ? "

- med vekt på læring, trivsel, ansvar for eiga læring og tilbakemelding/evaluering-

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Elevane trivst og er trygge på skulen	<ul style="list-style-type: none">- elevane er positive til å læra- elevane og dei tilsette trivst med den nye organiseringa av skuledagen,- det er god kontakt og tillit mellom dei vaksne og elevane, og elevane seg imellom- ingen kvir seg til å gå på skulen
Elevane tek ansvar for eiga læring	<ul style="list-style-type: none">- eleven veit og forstår kva han skal gjera- eleven meistrar oppgåvene- eleven kan bruka kunnskapen- eleven skal kjenna målet, og kva kriterium han vert målt etter- eleven har utvikla tru på seg sjølv, og eigne kunnskapar og evner- læraren har tid til å vera rettleiar
Det er eit godt samarbeid mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- foreldra er informerte om organiseringa av skulen- foreldra får god og tilstrekkeleg informasjon frå skulen- skulen får nok informasjon frå heimen- foreldra kan følgja med på elevane sitt arbeid- foreldra ser vurderingsarket som nyttig- foreldra opplever møta med skulen som nyttige- det er lett for foreldra å ta kontakt med skulen
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">- elevane arbeider etter arbeidsplanar, og dei er tilpassa den einskilde- læringsmåla er tydelege på planen- arbeidsplanane vert diskuterte og evaluerte mellom lærarane og elevane- arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsmåtar- elevane er med på å velja mål, lærestoff og arbeidsmåtar, og får fordjupa seg fagleg- eleven vurderer seg sjølv og arbeidet sitt- lærarane samarbeider om innhaldet i arbeidsplanane
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">-tilbakemeldingane skal veksla mellom:<ul style="list-style-type: none">- skriftlege kommentarar og munnlege tilbakemeldingar- elevsamtalar- lærar/elev/foreldre-samtalar (konferansetimen)-elevane får tilbakemelding på prosessen-elevane får tilbakemelding på produktet, dvs. kvaliteten på arbeidet-elevane ser på elevsamtalar som positive og motiverande



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Dei tilsette og elevane på skulen, klassekontaktane og FAU
- Eksterne : 3 vurderarar frå Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld.

I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle elevane og lærarane. Samstundes er det viktig å høyra korleis foreldra opplever skulen sitt arbeid. Det kunne vore ynskjeleg å få informasjon frå mange av foreldra også. Det hadde ikkje vurderarane tid til. Difor vart FAU og klassekontaktane valde ut som representantar for alle foreldra.

Det var vurderarane, og ikkje skulen, som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera informantar.





Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølv vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 33	Skulen melder inn vurderingstema Skulen sender diverse informasjon til vurderingsgruppa	Skulen
Veke 39	Vurderarane har sitt fyrste møte med skulen.	Begge partar
Veke 39	Vurderarane lagar spørjeskjema for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag. (Elevar, tilsette) Skulen gjev aksept, evt. endringsframlegg til skjema.	Vurderarane Skulen
Veke 40	Skjema vert fylte ut og returnerte til vurderarane.	Skulen
Veke 41/42	Oppsummering av spørjeskjema – kva fortel svara oss, kva problemstillingar / informasjon skal vi fordjupa oss i.	Vurderarane
Veke 42/43	Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt skulen for godkjenning, evt. endringsframlegg Utarbeiding av samtaleguidar. Utarbeiding av opplegg for foreldrekommunikasjon.	Vurderarane
Veke 43	Skulen melder attende godkjenning av kriterium Vurderingsparet sender skulen sine endelege ynskje i høve samtalar med tilsette og elevar. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Skulen Vurderarane Skulen
Veke 44 (20.- 23. oktober)	Sjølv vurderingsveka Info-innhenting: - samtalar og møte med elevar, tilsette og foreldre. Vurdering : - analyse og oppsummering Framlegging : -rapporten vert lagt fram for personalet for kommentarar og evt. justeringar	Vurderarane
Veke 44/45	Endeleg rapport og rapportvedlegg vert sendt skulen. Rapport vert sendt Kvam kommune v/skulesjefen	Vurderarane
Innan veke 49	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, på fastsett skjema	Skulen
Innan veke 6 ?	På rektormøte deler rektor erfaringane sine med dei andre skuleleiarane i kommunen. Ev. vert rapporten lagt fram for politisk organ. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside.	Kommunen Regionen

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og døme på vurderingsark. Me fekk også resultatet av ei undersøking blant dei tilsette om den nye arbeidstidsmodellen.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema om til alle elevane og alle tilsette. Alle fylte ut skjema som vart returnerte til vurderarane for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav – overflatekunnskap om trivsel og motivasjon, arbeidsmåtar og vurderingspraksis og tilbakemelding.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97, skulen sine planar og resultatet av spørjeundersøkinga.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, elevar og klassekontaktar mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Øystese ungdomsskule har reflekterte ungdommar som har meiningar om skule
- Skulen har eit kollegium som er villige til å tenkja i nye banar, mellom anna ved å søkja fritak frå arbeidstidsavtalen.
- Lærarane er smidige og fleksible i høve til å nytta personalressursane på ein måte som kjem elevane til gode.
- Lærarane på skulen har gjeve omgrepet teamarbeid eit reelt innhald.
- Både elevar og foreldre seier at vurderingsarket er ei god form for tilbakemelding.

Elles:

- Skulen har ei dynamisk leiing.
- Elevane seier at Øystese ungdomsskule er ein god skule å gå på.
- Foreldra opplever at det er gode, opne linjer mellom heim og skule.

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Skulen må kartleggja elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø
- Skulen må arbeida vidare med innhaldet i omgrepet "ansvar for eiga læring", både blant tilsette og elevar.
- Skulen må variera arbeidsmåtane og innhaldet i arbeidsplanen.
- Skulen bør auka bruken av prosjektarbeid som metode.
- Lærarane må vidareutvikla den munnlege dialogen med elevane.

HAR SKULEN OPPNÅDD PEDAGOGISK GEVINST PÅ DEN NYE ORGANISERINGA ?

Etter dokumentanalyse, vurdering av innsende spørjeskjema og samtalar med foreldre, skuleleiing, tilsette og elevar har vurderarane kome fram til at JA, skulen har oppnådd pedagogisk gevinst etter at den nye arbeidstidsmodellen vart innført.

Lærarane si tid saman med elevane har ikkje auka monaleg, men

- det er ikkje mine og dine elevar, men våre
- det er "våre" fag, ikkje mine og dine
- arbeidstida er i større grad elevane si tid heile dagen
- det er godt teamsamarbeid, noko elevane vinn på
- fleksibel organisering av dagen; positiv haldning til endringar
- elevane er inne i ein prosess der dei er i ferd med å verta meir sjølvstendige
- betre og meir fleksibel bruk av spesialpedagogiske ressursar
- lærarane har betre tid til å hjelpe elevane

Ei positiv haldning til endring og nye tenkjemåtar er eit godt utgangspunkt for å lukkast. Me ser likevel at noko arbeid står att før skulen har god kvalitet på satsingsområda sine. I det følgjande har me utdjupa korleis skulen kan arbeida for å skapa ein endå betre skule.

10 UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

→Skulen må kartleggja elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø

Informasjonsinnhentinga har synt motstridande signal på om alle elevar trivst på skulen. For å avklara , tilrår vi at skulen gjennomfører ei breiare kartlegging av elevane sitt psykososiale miljø i løpet av hausten.

→ Skulen må arbeida vidare med innhaldet i omgrepet "ansvar for eiga læring", både blant tilsette og elevar

Elevmedverknad og elevansvar er ein føresetnad for ein utviklingsorientert skule. Auka elevansvar tyder ikkje at lærarane kan trekkja seg attende og verta meir "passive". Tvert imot krev det lærarar som lærer elevane korleis dei skal utvikla god forståing av eiga læring. Kriterium for ansvar for eiga læring, finn skulen på kriterium-arket i denne rapporten.

Me opplever at lærarar og elevar på Øystese ungdomsskule har ei litt snever oppfatning om kva som ligg i omgrepet "ansvar for eiga læring". Oppfatninga er delvis knytt til korleis elevane arbeider med arbeidsplanar. Omgrepet vert til dømes knytt til å verta ferdig i rett tid, ha med seg bøker og ta ansvar for å fordela arbeidet utover i perioden. Dersom ein elev skal ta ansvar på ein slik måte at teikna på god praksis vert oppfylte, må eleven og lærarane sjå kriteria i samheng med tilbakemelding og vurdering.

Forsking syner at elevar som tek aktivt del i vurderinga, i større grad er motivert for å læra noko på skulen. Dette inneber at læringa må vera organisert slik at eleven er i stand til å vurdere eige resultat undervegs. Vidare syner forskingsresultat at elevmedverknad medverkar til at eleven utviklar ansvar for eiga læring. Elevsamtalen er ein god arena for eigenvurdering. Her har eleven høve til å diskutera arbeidet sitt, innsatsen sin og måloppnåinga med læraren i fred og ro.

→ Skulen må variera arbeidsmåtane og innhaldet i arbeidsplanen

Innsatsen til elevane speglar ofte motivasjonen deira. Innsatsvilje og energi heng saman. Elevane må oppleve at det dei gjer er nødvendig og viktig. Når elevane arbeider etter ein plan som dei har litt innverknad på, kan dette auka ei slik kjensle. På den andre sida er det slik at dersom elevane oppfattar at arbeidet ikkje er viktig for læringsmålet, minkar motivasjonen og innsatsviljen. Då ser ikkje elevane føremålet med jobbinga si.

Spørjeundersøking og samtalar syner at elevane på Øystese ungdomsskule har klare oppfatningar av kva arbeidsformer dei lærer av. Elevane sine preferansar indikerer at lærarane bør vera meir merksame på at læring skjer på ulikt vis.

Det er eit mål i L-97 at elevane skal utvikla heilskapleg kompetanse. Dette inneber at elevane skal meistra ulike arbeidsmåtar: Skriftleg og sjølvstendig arbeid, prosjektarbeid og andre typar elevsamarbeid og læring gjennom å arbeida munnleg og praktisk.

Øystese ungdomsskule synest å leggja mest vekt på det skriftlege og sjølvstendige arbeidet. Dette er viktig, men det må også vera rom for dei andre arbeidsmåtane. Me ser at romsituasjon og tekniske hjelpemiddel kan gjera dette vanskeleg, men meiner likevel at det er mogeleg å variera arbeidsmåtane i større grad enn det som vert gjort per i dag.

Som ein lekk i dette arbeidet, må skulen gjera arbeidsplanane betre: Variasjon i oppgåvene og gradvis elevmedverknad slik at elevane får påverka kva/kor mange oppgåver dei treng å løysa for å nå læringsmålet. Neste steg vert at motiverte elevar kan setja opp sin eigen arbeidsplan i eit fag, innafor lærarstyrte rammer.

→Skulen må auka bruken av prosjektarbeid som metode

Elevane er ikkje sikre på kva som er skilnaden på temaarbeid og prosjektarbeid. Elevane opplever at dei har sjeldan tema- og prosjektarbeid, men uttrykkjer seg positivt om arbeidsforma. Elevane er medvitne på kva dei lærer gjennom prosjektarbeid. Lærarane er samde i at skulen kunne hatt fleire prosjektarbeid.

I prosjektarbeid som metode er elevane si læring i fokus, ikkje lærarane si undervisning. Prosjektarbeid er problemorientert, og har gode problemstillingar eller spørsmål som kjenneteikn. Metoden er også samarbeidsorientert, og ein kan nytta ulike arbeidsmåtar innafor metodikken. I tillegg er bruk av ulike kjelder sentralt, og det endelege produktet skal gje læringsutbyte til elevane. Evna til å presentera resultata av eit prosjekt for andre er ein viktig del. Prosjektarbeid skal også medverka til at elevane lærer å vurdere kvaliteten på eige og andre sitt arbeid. Såleis er elementa i eit prosjektarbeid likt den kvardagen mange elevar møter seinare i livet.

Me tilrår skulen å leggja større vekt på denne arbeidsforma. Skulen si organisering av lærarteam gjer at det ligg godt til rette for slikt arbeid, gjerne tverrfagleg. Alle elevane er motiverte, og uttrykkjer vilje til stor arbeidsinnsats. I tillegg har dei klare oppfatningar av læringsmål og vurderingsformer i prosjekt. Dette engasjementet bør lærarane utnytta. Samstundes treng elevane erfaring i denne arbeidsmåten før det endelege prosjektarbeidet i 10. klasse, der vurderinga skal leggjast ved vitnemålet.

→ Lærarane må gjera elevane kjende med kriteria for vurdering av elevarbeid

For at elevane skal læra noko, vert det kravd at dei spør seg sjølv kor godt dei gjer det, og kva dei får ut av det og at dei vurderer korleis dei kan gjera det betre.

Dersom det overnemnde er kriterium for at eleven skal læra noko, ser me at dette ikkje kan skiljast frå elevane si læring, eller læraren si undervisning. Forsking syner at elevar som tek aktivt del i evalueringa av opplæringa, i større grad er motivert for å læra noko på skulen. Difor må læringa vera organisert slik at eleven vert i stand til å vurdere resultatet han eller ho oppnår medan læringsarbeidet går føre seg. (Læringslabben nr.5/2002)

For Øystese ungdomsskule inneber dette at lærarane må vera tydelege til elevane på kva som kjenneteiknar eit godt arbeid i dei ulike faga. Elevane gjev uttrykk for at dei ikkje er heilt sikre på kva som vert forventa, sjølv om dette varierer litt frå fag til fag. Nokre fag har tydelege kriterium i kraft av eigenarten sin, til dømes norskfaget.

Ved at elevane kjenner kriteria, kan dei lærast opp til å vurdere sitt eige og medelevar sitt arbeid (eigenvurdering).

Me trur at kriterietenking er ei treningssak for lærarane. Det vil fordra ein del arbeid i byrjinga, fordi fastsetjing av kriterium får konsekvensar for evalueringsform etter endt arbeidsplanperiode. Til dømes kan ikkje elevane målast gjennom reproduksjonsoppgåver dersom hovudmomenta i pensum er "arbeida med kultur og samfunnsforhold..." Dette fordrar meir opne og reflekterande spørsmål til elevane.

→ Lærarane må vidareutvikla den munnlege dialogen med elevane

Tilbakemeldingar undervegs i skuleåret har to viktige funksjonar: Å stimulera elevane til utvikling og læring, og å gje læraren tilbakemelding på eiga undervisning og rettleiing. Å gje elevane tilbakemelding kan synleggjerast gjennom følgjande modell av Lars Helle, 2002:

Menneske- og læringssyn	Konsekvensar for vurderinga
Læring som overføring av kunnskap	Gje presise tilbakemeldingar som er tilpassa elevane si modning.
Læring som ein relasjonell prosess, sett inn i ein samanheng.	<ul style="list-style-type: none">• Hjelpa eleven med å finna handlingsretta forklaringar (<i>Dette ville eg greidd om eg hadde skjerpa meg. Dette greidde eg fordi eg arbeidde godt.</i>)• Skapa eit møte mellom lærar og elev der eleven får høve til å reflektera over eigne prestasjonar. I samtalen vil eleven få utfordringar, alternativ og råd hjå læraren. Læraren må balansera mellom utfordring og støtte.• Hjelpa elevane til å formulera kriterium og mål for eiga læring.• Hjelpa elevane til å analysere sine eigne prestasjonar.

Ein del elevar på Øystese ungdomsskule gjev uttrykk for at dei får OK skriftleg tilbakemelding, men at dei saknar dei jamlege, munnlege dialogane om det dei jobbar med. Omgrep som "kan jobba betre" må gjevast eit innhald i dialog mellom lærar og elev. Ein viktig del av lærarjobben er å "løfta" elevane vidare i ein læringsprosess. Då er små, samtalar eit godt hjelpemiddel, der lærar har ei rettleiarrolle.

Rettleiarrolle er å ta utgangspunkt i eleven der han er, og hjelpa han vidare ved å stilla gode spørsmål, få eleven til å reflektera og undra seg saman med han – stiller spørsmål og leitar etter svar.

Det kan vera ein ide at pedagogane på skulen får tilbod om ei opplæringsøkt i dei samtaleteknikkane som kjenneteiknar rettleiarrolla.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

11 VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER 2003 - ØYSTESE UNGDOMSSKULE

Utviklingsområde	Idear	
Skulen må kartleggja elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">* Skulen kan nytta skjemaet dei har utarbeidd.* Slik kartlegging bør skje kvar haust ,ut frå krava i veiledaren til § 9 A.* Vurderarane sender døme på miljølogg.	
Skulen må arbeida vidare med innhaldet i omgrepet "ansvar for eiga læring", både blant tilsette og elevar.	<ul style="list-style-type: none">* Diskutera omgrepet i ein fellesdebatt i lærarkollegiet. Kva med innleiar ?* Ver raus med ros ! Vurderarane gjev eit døme på samtaleark som kan nyttast for klassemøte i lærarteamet.* Elevrådet drøftar omgrepet med hjelp frå leingi/lærar. Representantane får i oppdrag å dra i gang ein debatt i kvar sin klasse.	
Skulen må variera arbeidsmåtane og innhaldet i arbeidsplanen.	<ul style="list-style-type: none">* Vurderarane sender skulen døme på arbeidsplanar der elevar kan setja saman sin eigen plan i eit fag ut frå ein meny lærar har laga.* Vurderarane sender skulen døme på arbeidsplanar med varierte arbeidsmetodar.* Skulen har store gangareal og vestibylar som truleg kan nyttast til å variera arbeidsmåtane som ei mellombels løysing før ombygging.* Sjå elles utdjupinga.	
Skulen må ta i bruk prosjektarbeid som metode.	<ul style="list-style-type: none">* Få meir prosjektarbeid inn på arbeidsplanane.* Framføra prosjektarbeid for andre klassar på skulen, ev. andre i bygda.* Vurderarane sender skulen eit framlegg til oppsett for det avsluttande prosjektarbeidet i 10. kl., med utarbeidde kriterium for vurdering av dette spesielle prosjektarbeidet.	
Lærarane må vidareutvikla den munnlege dialogen med elevane.	<ul style="list-style-type: none">* Læringsøkt om rettleiingsprinsipp – samtaleteknikkar. Framlegg til kurshaldarar frå Kvam: Beate Gauden Lid eller Jorunn Øyen* Sjå elles utdjupinga.	

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Øystese 30. oktober 2003

Willy Solberg

Rigmor Hanssen
sign.

Aud Opheim Lygre
sign.

Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

ØYSTESE UNGDOMSSKULE – SPØRJESKJEMA FOR ELEVAR – 2003
TRIVSEL –MOTIVASJON – LÆRING – EVALUERING – TILBAKEMELDING

Jente Gut

8. kl.

9. kl.

10. kl.

1.	MOTIVASJON	Ikkje i nokon fag	I få fag	I mange fag	I alle fag
a.	Er du interessert i å læra på skulen ?				
b.	Er dei andre elevane i klassen din interesserte i å læra på skulen ?				
c.	Har du lærarar som er flinke til å få deg til å verta interessert i å læra ?				
d.	Synest du din eigen arbeidsinnsats på skulen er god ?				
e.	Må du streva hardt for å få dei resultatane du ynskjer ?				
f.	I klassen vår er det kultur for å vise arbeidsinnsats og positiv innstilling til skulen.				
2.	TRIVSEL OG MOBING Mobbing er når ein person utfører negative handlingar mot ein annan person, fleire gonger og over tid.	Ofte	Nokre gonger	Sjeldan	Aldri
a.	Gruar du deg til å gå på skulen fordi du vert mobba ?				
b.	Vert du mobba av elevar i klassen ?				
c.	Vert du mobba av andre elevar på skulen ?				
d.	Vert du mobba av lærarar ?				
		Ikkje i det heile teke	I mindre grad	I nokon grad	I stor grad
e.	Korleis trivst du på skulen ?				
f.	Korleis trivst du i den klassen du tilhøyrrer ?				
	Har du høve til å snakka med desse personane dersom du vert plaga, eller har det vanskeleg:				
g.	Læraren				
h.	Ein god venn på skulen				
i.	Mor eller far				
j.	Andre (t.d rådgevar, helsesøster, rektor, inspektør)				

3.	MEDVERKNAD / ARBEIDSPLANAR	Ikkje i det heile teke	I mindre grad	I nokon grad	I stor grad
	Har du høve til å påverka følgjande forhold på skulen:				
a.	Å vera med og laga arbeidsplanar				
b.	Leggja vekt på kva du vil fordjupa deg i innafør kvart fag / tema				
c.	Velja arbeidsmåtar i faga				
d.	Velja korleis skulearbeidet ditt skal vurderast (vurderingsformer)				
e.	Verta teken med på råd om for kor tid de skal ha prøvar og innleveringsoppgåver?				
f.	Inneheld arbeidsplanen klare målformuleringar, slik at du til ei kvar tid veit kva som skal lærast?				
g.	Har du fått opplæring i korleis du kan påverka/medverka i arbeidet med faga				
h.	Inneheld arbeidsplanen varierte oppgåver?				
i.	Gjev arbeidsplanen rom for variasjon i arbeidsmåtar?				
j.	Er oppgåvene på planen passe vanskelege for deg?				
k.	Er oppgåvene på planen slik at du har noko å strekkja deg etter?				
		Ikkje viktig	Lite viktig	Ganske viktig	Veldig viktig
l.	Er det viktig for deg å ha høve til å påverka korleis arbeidet med dei ulike faga vert lagt opp ?				
		Ikkje i nokon fag	I få fag	I mange fag	I alle fag
m.	Har du lærarar som tek deg på alvor ?				

4.	ARBEIDSMÅTAR	Ofte	Nokre gonger	Sjeldan	Aldri
	Kor ofte nyttar de dei ulike arbeidsmåtene:				
a.	- tavleundervisning /førelesing				
b.	- arbeida med arbeidsplanen				
c.	- munnlege framføringar				
d.	- utplassering eller anna samarbeid med næringslivet				
e.	- prosjektarbeid				

f.	- gruppearbeid				
g.	- TV / film / video				
h.	- bruk av pc / Internett				
		Ikke i det heile teke	I mindre grad	I nokon grad	I stor grad
i.	<u>Er du nøgd med bruken av arbeidsmåtar på skulen</u>				
	<i>Kor mykje lærer du av dei ulike arbeidsmåtene ?</i>	Lærer ikkje noko	Lærer lite	Lærer noko	Lærer mykje
j.	<u>Tavleundervisning / førelesing</u>				
k.	<u>- arbeida med arbeidsplanen</u>				
l.	- munnlege framføringar				
m.	- ekskursjonar / studieturar				
n.	- utplassering eller anna samarbeid med næringslivet				
o.	- prosjektarbeid				
p.	- gruppearbeid				
q.	- TV / film / video				
r.	- bruk av pc / Internett				
		Ikke i det heile teke	I mindre grad	I nokon grad	I stor grad
s.	Får du vist kva du klarer og kan gjennom dei arbeidsmåtene som de bruker på skulen ?				

5.	VURDERING				
	Kor ofte vert følgjande former for vurdering brukt på Øystese ungdomsskule	Aldri	Sjeldan	Nokre gonger	Ofte
a.	- skriftlege prøvar				
b.	- munnlege prøvar				
c.	- arbeid med og presentasjon av prosjektarbeid				
d.	- innlevering av heimearbeid				
e.	- praktiske øvingar				
f.	- mappevurdering				
g.	-eigenvurdering				
h.	- samtalar med læraren undervegs i arbeidet				
i.	-kommentarar frå medelevar				
	Får du vist kva du klarer og kan gjennom desse formene for vurdering ?	Ikke i det heile teke	I mindre grad	I nokon grad	I stor grad
j.	- skriftlege prøvar				
k.	- munnlege prøvar				
l.	- arbeid med og presentasjon av prosjektarbeid				
m.	- innlevering av heimearbeid				
n.	- praktiske øvingar				
o.	- mappevurdering				
		Ikke i nokon fag	I få fag	I mange fag	I alle fag
p.	Får du dei karakterane som du meiner du har fortent ?				
q.	Har du og læraren snakka saman om kva som vert kravd for å oppnå slike karakterar ?				
r.	Oppløver du vurderinga som verdfull?				

s.	Veit du kva som skal til for å få for gode og dårlege resultat?				
----	-----------------------------------------------------------------	--	--	--	--

6.	RETTLEIING / TILBAKEMELDING				
		Ingen	Ein	To	Tre eller fleire
a.	Kor mange elevsamtalar har du vanlegvis i løpet av eit skuleår?				
		Motiverer ikkje	Motiverer lite	Motiverer ein del	Motiverer mykje
b.	Synest du elevsamtalar med lærar motiverer deg til å arbeida betre med skularbeidet ?				
c.	Synest du konferansetimane med lærar og mor/far motiverer deg til å arbeida betre ?				
	Får du støtte og hjelp når du køyrer deg fast, eller strevar med faga ?	Aldri	Sjeldan	Nokre gonger	Ofta
d.	- av læraren				
e.	- av medelevar				
f.	- heime				

Noko du har lyst til å melda frå om?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

ØYSTESE UNGDOMSSKULE

Påstandsskjema for lærarane

(Set eitt kryss for kvar påstand)

		I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg likar strukturen på arbeidsdagen.				
2	Det har vorte meir interessant å jobba som lærar etter omorganiseringa.				
3	Vi samarbeider om innhaldet i arbeidsplanane				
4	Eg legg opp til meir varierte arbeidsmåtar enn eg gjorde før.				
5	Teama fungerer godt.				
6	Vi drøftar metodiske og pedagogiske tema i kollegiet.				
7	Arbeidsplanane er tilpassa den enkelte elev.				
8	Elevane tek meir ansvar for eiga læring enn dei gjorde før.				
9	Elevane er meir opptekne av å gjera ferdig planen enn av læring.				
10	Arbeidsplanane legg opp til meir varierte arbeidsformer enn tidlegare.				
11	Eg gjennomfører mange tema/prosjekt i løpet av skuleåret.				
12	Vi har rom som er funksjonelt møblert til studiearbeid.				
13	Elevane får bruka ulike læremiddel til oppgåveløysing.				
14	Omorganiseringa har ført til auka trivsel blant elevane.				
15	Eg har tid til rettleiing av den einkilde elev.				
16	Elevane får uformell vurdering etter endt arbeidsplanperiode.				
17	Elevane vurderer seg sjølve og sitt arbeid.				
18	Foreldra er nøgde med vurderingsskjemaet etter kvar arbeidsperiode.				
19	Elevane får høve til å påverka innhald og arbeidsmåtar.				

20	Elevane er kjende med dei læringskrav eg set til dei.				
21	Omorganiseringa har ført til større arbeidspress for lærarane.				
		I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
22	Det er arbeidsro i klasseromma.				
23	Eg gjennomfører førebudde elevsamtalar.				
24	Elevar med åtferdsvanskar har fått det betre med omorganisert skuledag.				
25	Spesialundervisninga har tent på omorganiseringa				
26	Tildelte spes.ped. ressursar vert nytta fleksibelt no.				
27	Omorganiseringa har ført til at skiljet mellom spesialundervisning og vanleg undervisning har vorte mindre.				
28	Det er god informasjonsflyt mellom skuleleiing og dei tilsette.				
29	Eg er nøgd med foreldresamtalane.				
30	Foreldra får god informasjon frå skulen				
31	Foreldra nyttar vurderingsarket til tilbakemeldingar til skulen.				
32	Konferansetimar vert haldet innanfor bunden arbeidstid.				
33	Foreldra engasjerar seg i skulen si verksemd.				

34. Kva vil du seie er det mest **POSITIVE** med den nye arbeidstidsordninga? (stikkord)

35. Kva meiner du er det mest **NEGATIVE** med den nye arbeidstidsordninga ? (stikkord)